



Bergen kommune - Etat for byggesak og private  
planer  
Postboks 7700  
5020 BERGEN

Dato: 27.03.2015  
Vår ref.: 2014/22978-12  
Saksbehandlar: sigbjer  
Dykkar ref.: 200908907/278

## **Ytrebygda bydel - Birkeland, Liland, Ådland og Espeland - Kommunedelplan til offentlig ettersyn - Plan nr. 61020000 - Bergen kommune**

Vi viser til brev datert 30.10.2015 om høyring av forslag til kommunedelplan for Birkeland, Liland, Ådland og Espeland. Kultur og ressursutvalet handsama planforslaget i møtet 19.03.2015, og fatta følgjande vedtak.

- 1. Kommunedelplan for Birkeland, Liland, Ådland og Espeland er eit godt grunnlag for avklaring av langsiktige byggegrenser og sikring av friluftsområde, utvikling av lokalsenteret Blomsterdalen og tilrettelegging for vidare næringsutvikling*
- 2. Balanse mellom bustader og arbeidsplassar innfor ei geografisk eining vil redusere transportbehovet.  
Ytrebygda har eit vesentleg overskot av arbeidsplassar, samstundes er det behov for å legge til rette for at arealkrevjande verksemder kan flyttast frå sentrale delar av Bergensdalen.*
- 3. Kommunedelplanen bør i større grad reservere næringsareal for industri og lager og avgrense areal til kontor. Kultur- og ressursutvalet ber om fylgjande endringar:*
  - Næringsareal ( IKL 1-5) som er sett av til industri/kontor og lager, bør reserveras for industri og lager.*
  - Næringsareal i IKL6 bør ikkje opna for hotell / overnatting. Utbygginga bør avvente ferdig infrastruktur og at fortettingspotensiale i andre eksisterande og planlagde næringsområder i kommunen er utnytta.*
- 4. Detaljhandel bør i størst mogeleg grad lokalisrast i senterområde og balanserast med omlandet i tråd med regional plan for attraktive senter. Kultur- og ressursutvalet ber om fylgjande endringar:*
  - Reduksjon av areal sett av til senterføremål*
  - Øvre rammer for areal til detaljhandel i sentrum*
- 5. Nye bustadområde bør lokalisrast i nær tilknytning til kollektivsystem.*
- 6. Område frå Kviturspollen, med Mynteviken til Espeland er eit regionalt viktig friluftsområde. Nedbygging av strandsona i form av naust vil redusera verdien av området. Naustområdet FNA bør tas ut av planen.*

Marit Rødseth  
plansjef

Vedlagt fylkesrådmannens saksframlegg.

Sigrid Næsheim Bjercke  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Avinor

Bergen Kommune - Lindås, Ole Roger

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest